

Rapport – tildeling nasjonale midlar til e-bøker og digital formidling

Vestland fylkeskommune fekk i brev frå Nasjonalbiblioteket av 29.04.20 tildelt NOK 1 651 250.

NOK 1 321 000 av dette skulle gå til innkjøp av norske e-bøker, medan NOK 330 250 var meint til tiltak for digital formidling.

E-bok-innkjøp

Vi brukte om lag 1,7 millionar til å kjøpe inn norske e-bøker og e-lydbøker i 2020. 37% av dette gjekk til bøker for barn, og 63% gjekk til bøker for vaksne.

Fordelinga mellom typar medium var om lag 20% e-bøker og 80% lyd.

I perioden vi hadde nasjonale midlar til rådvelde, brukte vi om lag 70% til pakkeinkkjøp, medan 30% gjekk til klickutlån.

Utlån


Det digitale utlånet auka kraftig i 2020, og det er det sjølv sagt fleire årsaker til. Dei viktigaste er:

- Folk har halde seg meir heime, noko som har gitt meir tid til lesing og større interesse for digitale tenester.
- Tilskot av nasjonale midlar til innkjøp, noko som gav ei større og meir aktuell digital samling.
- Større utval å kjøpe frå.

80% av kostnadane våre gjekk til lydbokinnkjøp, medan berre 47% av utlåna var lydbokutlån. (Utlån av kulturfondbøker, som vi får gratis, er heldt utanom.) I tillegg veit vi at svært mange bøker vert leverte tilbake før 10% er nytta. I og med at vi må betale for eit lydbokutlån allereie frå nedlasting, betyr dette at dei reelle kostnadane ved lydbokutlånet relativt sett er endå høgare.

Ein god ting med tilskotet vi fekk i 2020 er at mange fekk auga opp for at biblioteka tilbyr utlån av e-bøker, og vi fekk mange nye lånarar. Ein stor ulempe er at det vart bygt opp ei forventing om at ein kan låne «alt» på biblioteket. Med eit halvert budsjett frå eit år til neste, har biblioteka blitt konfrontert med mange misnøgde lånarar i 2021.

Ettersom vi fekk eit stort tilskot til innkjøpsbudsjettet i 2020, nytta vi ikkje alle midlane vi henta inn frå kommunane. Desse midlane vart overført til budsjettet for 2021. Dette gjer at vi har eit betre innkjøpsbudsjett i 2021 enn vi elles ville hatt. Det er truleg hovudforklaringa på kvifor vi ikkje ser nokon nedgang i utlånet så langt. Ei anna viktig forklaring er at vi no nytta 80% av budsjettet til klickutlån, som er langt rimelegare enn nye bøker.



Digital formidling

I tillegg til midlane seksjon for bibliotekutvikling vart løyvd frå Nasjonalbiblioteket til digital formidling, omdisponerte fylkeskommunen 300 000 til å styrke digitale tilbod i folkebiblioteka. Midlane som vart løyva til digital formidling, gjekk til tre tiltaksområde:

1. Kompetanseutvikling knytt til digital formidling
2. Utvikling av biblioteknettstader
3. Digital formidling i biblioteka

Kompetanseutvikling knytt til digital formidling

Midlane brukt på kompetanseutvikling har gått til honorar av innleiarar og formidlarar og kursing. For å styrke eigen og bibliotektilsette sin kompetanse på digital formidling har vi arrangert konferanse, seminar og mindre kurs og samlingar der vi har nytta både intern og ekstern ekspertise. Eit av tiltaka var Bibliotekdagane 2020 med tema Biblioteket i ei digital tid. Vi har prioritert ressursar i form av midlar og arbeidskraft til det nasjonale nettkurset "23 ting om formidling".

Utvikling av biblioteknettstader

Dette har vore ei satsing over lengre tid. Pandemien aktualiserte behovet for funksjonelle nettstader, og vi brukte nasjonale midlar til ei teknisk oppgradering av 12 nettstader i spleislag med kommunane. Betre tryggleik, universell utforming, og brukaroppleving på mobil var viktige element.

Vi sette i gong fleire nye prosjekt for å lage Webløft-nettsider saman med bibliotek som ikkje hadde eigne nettstader. I samband med dette arbeidet vart det tydeleg at Webløft-temaet også har behov for ei oppgradering. Saman med Viken har vi påbegynt eit arbeid for å oppgradere temaet. Restmidlane frå den nasjonale tildelinga vil bli nytta til ei slik oppgradering. Resultatet av denne oppgraderinga vil kome Webløft-bibliotek i heile landet til gode. I Vestland har vi 7 slike nettstader som er lansert, og 4 som framleis er i prosjektfasen.

Digital formidling i biblioteka

Fylkeskommunen lyste ut 450 000 kr til digital formidling i biblioteka. Biblioteka kunne søke om inntil 50 000 til innkjøp av utstyr, midlar til honorar og lisensar til digitale arrangement og til kompetanseheving. I forkant av utlysingsfristen hadde vi møte med bibliotek for å inspirere og utveksle idear og stimulere til samarbeid. 21 bibliotek sökte, og 19 fekk tilslag på søknadane.

To kommunar fekk til saman 50 000 kr til utvikling av nettstader. Desse midlane disponerer seksjon for bibliotekutvikling på vegne av dei to kommunane. Midlane vil gå til oppgradering av Webløft-temaet, som kjem fleire enn desse biblioteka til gode. Pengane framstår som restmidlar i rekneskapen ettersom dei er fordelt, men ikkje utbetalt enno.

Innvolering av biblioteka

Ei spørjeundersøking viser at 73 % av bibliotekleiarar i Vestland fylke ville prioritere kompetansehevande tiltak som gjekk på digitale tenester/nettstad. Alle dei tre tiltaksområda svarte på avdekka behov i undersøkinga. Vi har vore opptekne av å legge til rette for erfaringsutveksling mellom biblioteka, slik at ein har blitt inspirert og har lært av kvarandre.

Erfaringane med tiltaka for digital formidling

Pandemien sette alle biblioteka i same situasjon, og tvang fram endring og utvikling. Midlane har stimulert til eit felles løft for digital kompetanse og samhandling. Biblioteka fekk høve til å auke kompetansen og utvikle tenestene ut frå eigne føresetnadar og utgangspunkt.

Rekneskap E-bok-innkjøp

Utgifter

Bøker, faglitteratur og abonnement	2 089 323
Lisensar og kopieringsavtalar	21 578
	2 110 901

Inntekter

Refusjon frå kommunar	-666 560
Fylkeskommunalt budsjett	-650 000
Andre statlege overføringer	-1 321 000
Anna sal av varer og tenester	-82 500
	-2 720 060

Rest, overført til 2021 -609 159

Rekneskap Digital formidling

Utgifter

Kompetanseutvikling	87 601
Utvikling av nettsider	126 650
Digital formidling i kommunane	400 000
	614 251

Inntekter

Refusjon frå kommunar	-60 000
Fylkeskommunalt budsjett	-300 000
Andre statlege overføringer	-330 250
	-690 250

Rest -75 999

Restmidlane på NOK 75 999 vil bli brukt til oppgradering av Webløft-designet i samarbeid med Viken fylkeskommune. Dette arbeidet er i gang, utbetaling skjer til hausten.